



Dekkhuset AS  
Blombakken 4  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/18 - 18/12675

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
19.04.2018

## Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 137/671 Alversund - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 137/671 med adresse Blombakken 4. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Dekkhuset AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 137/671. Dokumentasjon skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Dekkhuset AS har som grunneigar også juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Dekkhuset AS om å sende inn årsrapport for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Lindås kommune har ikkje motteke årsrapport for driftsår 2017. Det er viktig at Dekkhuset AS har gode vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. Gode rutiner vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn med anlegg.



**Førehandsvarsele om tilsyn:**

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Blombakken 4. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Dekkhuset AS

Blombakken 4

5911

ALVERSUND